

**Saknr.:** 15-015      **Kommune:** Lindås      **gbnr.** 24/2 m.fl.      **Gardsnamn:** Gyddalen

## Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Gyddalen2, del av gnr. 24, bnr. 2 m.fl. i Lindås kommune. Dykkar ref: ard15018

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2015/	Inn	11.09.2015	Ard arealplan	Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid	J.B.

NGIR har mottake Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid, og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Lindås kommune har kvart einiskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløyvingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 21. september 2015

Jorunn Botne